



Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato
17/101-17/4112JpID/MST	17/101	2015/10633	03.04.2017

2015/10633 - Høyringsuttale til regional transportplan Hordaland 2018-2029

Eg viser til høyring av regional transportplan Hordaland 2018-2029. Austevoll kommunestyre handsama planframlegget i møte 16.03.2017. Kommunestyret vedtok følgjande høyringsuttale til planforslaget av regional transportplan Hordaland 2018-2029:

Overordna omsyn:

- Transportbehovet som Austevoll-samfunnet har i dag vert ikkje dekkja på ein god måte. Dette gjeld særleg vegnettet internt i kommunen og rutetilbodet på dei fylkeskommunale ferjesambanda.
- Austevoll er ein vekstkommune. Som det kjem fram av planforslaget er det utrekna at Austevoll kommune vil ha kring 8.000 innbyggjarar i 2040, mot 5.200 innbyggjarar i dag. Veksten i folketal, og næringslivsaktivitet, må atterspeglast i transportplanlegginga til Hordaland fylkeskommune og i denne RTP-en.

Innspela til RTP må sjåast i samanheng med dei to ovannemnte punkta.

Omklassifisering til overordna vegnett for delar av fv 546 og fv 151:

Austevoll kommunestyre ber om at fv 546 frå Storebø til Bekkjarvik, og fv 151 frå Bekkjarvik til Salthella vert omklassifisert, frå det øvrige fylkesvegnettet, til overordna vegnett.

Kommunestyret viser til at det på delar av strekninga har relativt sett høg ÅDT (høgste ÅDT er 3.200 over Storebø), i tråd med kriterium 5 for definisjon av overordna vegnett. ÅDT-en er fleire stader høgare enn trafikkmengda på strekningar i andre kommunar som allereie er klassifisert som overordna vegnett.

Kommunestyret viser vidare til at Austevoll er ein av Noregs fremste næringslivskommunar. Vegnettet som vert søkt omklassifisert er svært viktige av næringsomsyn. Til dømes er fv 546 frå Storebø til Husavik viktig veg for frakt av fisk ut av kommunen. Fiskeindustrien på Storebø har stor verdi som mottak for både pelagisk fisk i tillegg til at det er eit regionalt laksepakkeri. Det er vidare etablert fiskerihamn i Salthella som krev betre vegtilkomst. Fv 546 er tilkomst til Sauganaset, der Hordaland fylkeskommune driv vidaregåande skule og maritim fagskule. Her

ligg òg Havforskningsinstituttets forskingsstasjon. Til saman er det kring 200 elevar og 100 tilsette på Sauganeset. I tillegg er det under utvikling eit stort næringsområde i Haukanesmarka, mellom anna med etablering av Noregs første anlegg for landbasert oppdrett av kråkebolle. Dette vil auke trafikkbelastninga på fv 546 endå meir. Kommunestyret viser derfor òg til kriterium 4, strekningar som er viktige av næringsomsyn, og slår fast at dette gjer seg gjeldande i Austevoll.

Ein viser òg til kriterium 1 og at fv 546 frå Storebø til Husavik er bindeleddet mellom Storebø og regionsenteret i Sunnhordland. Dette er samstundes kortaste veg frå Austevoll til E39 både i reisetid og distanse.

Krav til ferjetilbod:

Ferjetilbod er viktig fleire stader i fylket, og heilt avgjerande for Austevoll kommune som ikkje er landfast med veg. Austevoll kommunestyre ber om at RTP heimlar krav til kvalitet på ferjetilbodet, og at dette inngår i det overordna samferdsledokumentet til Hordaland fylkeskommune.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert vedtatt i RTP at rutetilbodet skal justerast i tråd med trafikkutvikling, og ikkje berre der det skjer «større endringar i infrastruktur eller reisemønster». Vidare må RTP sikre beredskap og tilgjenge ved driftsavbrot, med beredskap slik som for vegnettet. Dette gjeld mellom anna, og ikkje minst, at det vert sett inn reservefartøy raskt, og knytt til informasjon til råka lokalsamfunn, kommunar og reisande.

Austevoll kommunestyre nyttar samstundes høve til å krevje at det frå 1.1.2018 vert minst éin ny avgang i Hufthamar-Krokeide, der det aller viktigaste er ein ny rundtur med avgang frå Hufthamar kl. 01.00, og at siste avgangen i Husavik-Sandvikvåg vert utsett til seinare på kvelden, kring kl. 22.00. Desse to endringane i rutetilbodet vil ha enorm verdi for det nasjonalt viktige næringslivet i Austevoll.

Bompengeprosjekt:

Austevoll kommunestyre er positiv til at mogleg framtidig bompengeprosjekt i Austevoll er omtala i RTP. Ein viser til at det er svært stort behov for utbetring av store delar av fylkesvegnettet i kommunen, og at dagens situasjon fleire stader er uholdbar for reisande og næringsliv. På grunn av den skrøpelege vegstandarden og det openbare behovet for utbetring ber Austevoll kommunestyre om at Austevollpakken vert prioritert som eit prosjekt som det vil vere aktuelt å vurdere i planperioden.

Snøggbåt:

Snøggbåttilbod er einaste alternativet for transport, eller det føretrekte reisealternativet for svært mange. Dette gjeld ikkje minst lokalbåtruta internt i Austevoll, òg snøggbåten mellom Sunnhordland og Bergen. Passasjertransport til sjøs er framtida, og Hordaland fylkeskommune skal ikkje berre forvalte dagens rutetilbod, men ha ambisjonar om å utvikle desse. Det er eit potensial for auka passasjertransport til sjøs, og dette har mange føremon. Regionale og nasjonale føringar om tettstadsutvikling ved kollektivknutepunkt, vil skje der snøggbåten går. Ein sikrar rask transport til knutepunkt som Flesland og Bergen sentrum, frå nabokommunar og nabostrukt. Snøggbåtane har stor kapasitet, kan lette presset på vegnettet og sikre fleire kollektivreisande.

Austevoll kommunestyre peikar på at det er trong for å styrke snøggbåten som pendlarsamband. Betre rutetilbod på sunnhordlandsruta kan bidra til å overføre folk frå bil til kollektiv. I dag er det blant anna for dårleg rutetilbod frå Bergen og i retning sør på morgonen. Det er ikkje så mange nye ruteavgongar som skal til, og nokre ekstra rundturar vi lgjere at snøggbåten blir endå

meir attraktiv å velje framfor å køyre eigen bil.

Ein bør sjå snøggbåten i ein større samanheng med næring og særleg reiseliv. I tillegg til betre rutetilbod, mellom anna med fleire stopp i Bekkjarvik, og betre marknadsføring, kan snøggbåten verta eit godt reiselivsprodukt. I samband med dette bør ein vurdere billett-pakkar retta særleg mot turistar. Det vert sagt at Hurtigruten er den vakraste sjøreisa frå Bergen og nordover. Frå Bergen og sørover er snøggbåten til Sunnhordland tilsvarande fin og salbar.

I regionale og nasjonale planar tilrår ein tettstadsutvikling rundt kollektivknutepunkt. Snøggbåtkaia er slike kollektivknutepunkt, der det, med betre rutetilbod, er gode høver til meir utvikling i samband med snøggbåtruta. Her bør ordningar som «park-and-ride» vurderast.

Snøggbåt er ein glimrande måte å knyte viktige delar av fylket betre saman. Hordaland fylkeskommune kan sjå rutetilbodet Knarvik-Bergen/Flesland-Austevoll-Rubbestadneset-Leirvik i samanheng. Dette kan sikre ei framifrå materute til Flesland kai, gjerne med busstilbod til næringsområda Kokstad og Sandsli, medverke til å redusere trafikkbelastninga på vegnettet i Bergen, og auke oppslutnaden om snøggbåttilbodet.

Austevoll kommunestyre ser fram til arbeidet med ny trafikkplan for båttilbodet i fylket og ber om at kommunar og brukarar får høve til å medverke i planarbeidet.

Kollektiv elles:

Austevoll kommunestyre ber om at Hordaland fylkeskommune sikrar at det er korrespondanse mellom ulike transporttilbod, ikkje minst mellom buss, ferje og snøggbåt. Fylkeskommunen har eit viktig ansvar med å sikre eit teneleg busstilbod utanfor bergensområdet.

Ras:

Austevoll kommunestyre ber om at Hordaland fylkeskommune sikrar at rasutsette stader og strekningar vert kartlagt langs fylkesvegane i kommunen, at desse følgjer RTP-en, og at det vert gjennomført sikringstiltak.

Tillegg:

1. Austevoll kommunestyre viser til at prosjekt ny Torangsvågbru er omtalt i gjeldande RTP som aktuelt prosjekt i neste RTP. Tiltaket er ferdig regulert og viktig å få realisert som standardshevingstiltak.
2. Austevoll kommunestyre viser til at samfunnsbåten for øyane i Austevoll ligg i ro 20 av 24 timar. Det er sløsing av ressursar når det er stort behov for fleire ruter Hufthamar-Flesland kai. Kommunestyret ber om at meir ruteproduksjon der blir prioritert.
3. Austevoll kommunestyre spelar inn at fastlandsforbindelse som ferjeavløysingsprosjekt må med som framtidig tiltak.

Med helsing



Morten Storebø
Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.